

## Tilbyr deltidsutdanning for tannhelsesekretærer

Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr no gratis vaksenopplæring for dei som kan tenkje seg ei framtid som autorisert tannhelsesekretær. Utdanningsløpet er komprimert til 1,5 år, og tilpassa vaksne som er i arbeid.

Møre og Romsdal fylkeskommune har 37 distriktsklinikkar spreidd over heile fylket, og dette gjev moglegheit for nærleik til arbeidsstaden, uansett kor du bor.

### Eit yrke for framtida

Utdanningstilbodet er oppretta for å møte ei stadig aukande etterspurnad av autoriserte tannhelsesekretærer innan tannhelsesektoren. – For oss er det viktig at alle som arbeider med pasientbehandling i den offentlege tannhelsetenesta er autorisert tannhelsepersonell, og i dei komande åra vil det bli eit stadig aukande behov for nye tannhelsesekretærer, seier fylkestannlege Anthony Normann Valen.

Fylkestannlegen fortel vidare at dei satsar på ny teknologi, til dømes laserstøtta behandling på dei største klinikkane, noko som forhåpentlegvis vil gjere yrket meir fristande for nye arbeidstakarar.

– Dette er eit attraktivt tilbod for mange der ein får moglegheit til å jobbe i et spennande og godt fagmiljø. Den som fullfører VG3 og består eksamen, kan søke om autorisasjon. Som autorisert tannhelsesekretær får du eit sjølvstendig og personleg ansvar for å utføre arbeidsoppgåvene på ein fagleg forsvarleg måte, seier Ing-Marie Sundqvist, tannpleiar og undervisningsansvarleg.

### Komprimert utdanningsløp

Undervisninga er på deltid og tilrettelagt for vaksne. Opplæringa fører fram til ein tverrfagleg eksamen på VG3-nivå. Utdanningsløpet er komprimert, og det er lagt opp til undervisning med samlingar på helg, med avsluttande eksamen våren 2015. - Ordninga er tilrettelagt for dei som ikkje har moglegheit til å studere på heiltid, og som kanskje har arbeid i tillegg, fortel Sundqvist vidare.

Målgruppa for det nye utdanningstilbodet er todelt. - Vi søker dei som i dag allereie arbeider i den offentlege tannhelsetenesta utan autorisasjon. I tillegg er utdanninga open for alle med vaksenrett, som har eit ønskje om å bli tannhelsesekretær. Alle søkerarar må ha fylt 25 år innan utgangen av 2014. Det er BORK Karriere & Kompetanse ved Borgund Vidaregåande skole som har det faglege ansvaret og har ansvar for organisering / tilrettelegging av det nye utdanningstilbodet, seier Sundqvist.

I den overordna tannhelseplana for fylket, Regional delplan tannhelse, som vart vedtatt av fylkestinget i fjor haust, er eit av måla å lage ei utdanningsprogram for å sikre tilgangen på tannhelsesekretærer.

Tannhelsesekretærer vil bli ei etterspurt yrkesgruppe i framtida , avsluttar Sundqvist.

Søknadsfrist: 23 mars 2014

### Kontaktpersonar:

Wenche Muren, Borgund vgs – tlf 70 17 00 00 – epost: wenche.muren@mr fylke.no  
Ing-Mari Sundqvist, distriktstannklinikken St. Carolus – tlf 984 99 671 – epost: ing-marie.sundqvist@mr fylke.no